



VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato: 03.10.2025

Deres dato:

Vår referanse 24/15644-26

Deres referanse:

Vår saksbehandlar: Hanne Birte Hulløen

Uttale med motsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Tangen Møsstrond - Vinje kommune - Oversending

Telemark fylkeskommune viser til brev datert 24. april 2025 om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Tangen Møsstrond i Vinje kommune. Frist for uttaler var satt til 13. juni 2025, med seinare utsett frist til etter handsaminga i utvalet.

Telemark fylkeskommune sin uttale vart behandla i møtet i det politiske hovudutvalet for næring, industri og klima (HNIK) den 1. oktober 2025 i HNIK-sak 80/25. Uttalen består av saksframlegget og protokollen frå behandlinga, og følgjer vedlagd.

Det vart vedteke å leggje ned motsegn til planforslaget fordi omsynet til kulturminna ikkje var innarbeida i plankart og føresegner. Fylkeskommunen ser fram til vidare samarbeid i saka.

Med helsing

Hanne Birte Hulløen
plankoordinator
hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Vedlegg:

24_15644-20 Uttale med motsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Tangen - planID 20220002 - Vinje kommune

24_15644-25 Vedtak _ 01102025, Sak 80_25, HNIK Uttale med motsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Tangen - Vinje kommune

Mottakere:
VINJE KOMMUNE

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN



Arkivsak

24/15644-20

Sakshandsamar

Hanne Birte Hulløen

Saksgang

Hovedutvalg for næring, industri og
klima

Møtedato

01.10.2025

Uttale med motsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Tangen - planID 20220002 - Vinje kommune

Innstilling frå fylkesdirektøren

Telemark fylkeskommune fremjar motsegn til planforslaget for reguleringsplan Tangen Møsstrand på følgande punkt:

- Med heimel i *Lov om planlegging og byggesaksbehandling* § 5-4, blir det fremja motsegn til reguleringsplan for Tangen Møsstrand. Planforslaget tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til dei automatisk freda kulturminna i området jamfør kulturminnelova §§ 3, 6 og 8. Dette kjem til uttrykk ved manglande innarbeiding av kulturminna i plankart og føresegner, og fleire av dei planlagde tiltaka er i direkte konflikt med kulturminna. Motsegna kan kommast i møte ved at omsyn til de automatisk freda kulturminna blir vareteke i både plankart og føresegner og at kulturminna omgjevast av omsynssone C med føresegner.

Bakgrunn og saksgang

Vinje kommune la forslag til reguleringsplan for Tangen – Møsstrand ut til offentlig ettersyn den 24. april 2025. Frist for uttaler var sett til 13. juni 2025. Fylkeskommunen og Vinje kommune har hatt møte om saka, og det er avklart utsett frist for politisk behandling av motsegn i hovudutvalet for næring, industri og klima 1. oktober 2025.

- 28. februar 2023: Feste Landskap og Arkitektur varsla på vegner av Vinje kommune oppstart av planarbeidet.
- 8. mars 2023: Mogleighetsstudie lagt fram
- 19. mai 2023: Vestfold og Telemark fylkeskommune hadde innspel til varselet om oppstart av planarbeid med kommentarar om regionale planar, friluftsliv, barn og unge, jordvern, vassforvalting, samferdsel og automatisk freda kulturminne (Vestfold og Telemark (VTFK) historisk 360-arkiv 23/10481-2).
- 23. august 2023: Saka ble drøfta i Regionalt planforum (referat historisk VTFK-360 23/10481-6).
- 26. mars 2025: Planforslaget ble 1. gangsbehandla i plan- og miljøutvalet i Vinje.

- 24. april 2025: Planforslaget ble lagt ut til offentlig ettersyn med planomtale datert 24.februar 2025, føresegner datert 2.april 2025 og plankart datert 23.april 2025.
- 16. juni 2025: Kulturarv sender over resultat frå arkeologisk registrering.
- 27. juni 2025: Teamsmøte Telemark fylkeskommune og Vinje kommune.
- 5. september 2025: Teamsmøte mellom Telemark fylkeskommune og Vinje kommune om løysingar.

Vurderingane frå fylkeskommunen blir gitt på grunnlag av mål, retningslinjer, føresegner, føringar og tilrådingar slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument. Med heimel i kapittel 3 i plan- og bygningslova har fylkeskommunen plikt og rett til å delta i planlegginga når ho rører fylkeskommunen sine saksfelt, eller våre eigne planar og vedtak.

Plansaker som er av regional interesse og/eller der det blir innstilt på motsegn, blir lagde fram til politisk behandling. I denne saka veg forholdet til kulturminnelova tungt.

Saka blir lagd fram for hovudutval for næring, industri og klima, som vedtar den endelege uttalen frå fylkeskommunen til høyringa.

Saksopplysningar

Planområdet for Tangen i Møsstrand er på 118,8 dekar, og legg til rette for stadbunden næring og eit berekraftig grunnlag for fast busetjing på Møsstrand, samt oppfylle kommunens ansvar for Rjukan-Notodden Industriarv som er innskriven i Unescos verdsarvliste.

Planområdet er i gjeldande kommuneplan for Vinje (1.9.2011) i stor grad avsett til landbruk-, natur og friluftsområde tillate for spreidd bustad og yrkesbygging (LNF-spreidd SBY3). Vinje kommune har vurdert at planarbeidet er i samsvar med kommuneplanens arealdel.

Heile planområdet ligg innanfor landbruks-, natur- og friluftsområde med tillate spreidd bustad- eller næringsbygningar (LSBN36) i forslaget til ny arealdel for Vinje kommune som nyleg var til offentlig ettersyn (plankart datert 28. mai 2025). Her er heile området òg vist med omsynssone bevaring kulturmiljø (H570_3) grunna i kulturlandskap av nasjonal interesse.

Planmaterialet kan sjåast i sin heilskap på Vinje kommunes nettside [her](#). Som vedlegg til denne politiske saka blir Vinje kommunes saksframlegg og vedtak lagt frå 1.gongshandsaminga (sak 37/2025, 26.mars 2025), plankart, føresegner og planomtale.

Kulturminne og kulturmiljø

Innanfor planområdet var det tidlegare registrert fem automatisk freda kulturminne, desse var av typen kolgroper, jernvinne og tuft. Desse kulturminna var ikkje innarbeidde i plankart eller føresegner då planen vart lagt ut på offentlig ettersyn.

Fylkeskommunen varsla behov for arkeologisk registrering innanfor planområdet allereie i uttalen sin den 19. mai 2023.

Feste Landskap – Arkitektur tok kontakt med Telemark fylkeskommune 28.mai 2024 rundt reguleringsplanen. Kommunen hadde gjort ein vesentleg reduksjon av planområdet. I eit møte den 4. juni 2025 med Vinje kommune og Feste vart det gjort greie for at planen ikkje burde leggjast ut til offentlig ettersyn før arkeologiske registreringar var gjennomførte og dialogen om kulturminna var avklara.

Arkeologisk registrering for dei reviderte planområdet vart bestilt den 29. august 2024. Registreringa ble gjennomført i mai 2025.

Reguleringsplanen vart lagd ut på offentlig ettersyn den 24.4.2025 med frist den 13.6.2025. Fylkeskommunen ba om utsett frist på tre månader for å kunne gjennomføre arkeologisk registrering. Registreringane av dei arkeologiske kulturminna vart gjennomført i perioden 21. - 28. mai 2025 og avdekte ni nye lokalitetar med automatisk freda kulturminne. Det totale talet på lokalitetar er no 14.

Fylkeskommunen har delteke i møte med kommunen 27. juni og 5. september 2025 for å drøfte omsynet til dei automatisk freda kulturminna innanfor planområdet. Formålet har vore både å unngå konflikt mellom planlagde tiltak og kulturminne, og dessutan å sikre at kulturminna blir varetekne i plankartet og i føresegnene i planen. Under møta kom det fram at fleire av tiltaka i planen enno ikkje var tilstrekkeleg behandla. Dette medførte at det ikkje var mogleg å vareta kulturminna på ein tilfredsstillande måte, ettersom det framleis låg føre usikkerheitsmoment som kunne innebere konflikt med desse.

Det føreligger alternative løysningar etter dialog med kommuneadministrasjonen. Disse kan, med nokon justeringar, være eit alternativ som imøtekjem eit motsegn. Det fordrar eit positivt vedtak i kommunen.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Fylkesdirektøren gjer merksam på at etter forskrift om fastsetjing av styresmakt med vidare etter kulturminnelova § 7 (3 og 4), pliktar fylkeskommunen å underrette Riksantikvaren dersom fylkeskommunen vil gjere eit vedtak som er i strid med faglege tilrådingar i saker som rører kulturminne eller kulturmiljø av nasjonal eller vesentleg regional verdi. Riksantikvaren kan vedta å overta slike saker, og overtek då styresmakta frå fylkeskommunen.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål

Fylkestinget har vedteke at regionen skal kutta 60 prosent i direkte klimagassutslepp innan 2030 som eit delmål på vegen mot eit lågutsleppssamfunn i 2050. Arealplanane til kommunane er svært viktige verkemiddel for å styre mot ei berekraftig arealutvikling med reduserte klimagassutslepp. Nedbygging av produktive areal (som skog, anna utmark med meir) vil føre til klimagassutslepp. Planforslaget har ikkje berekna klimagassutslepp. NIBIO har ein klimagasskalkulator som kan brukast for å berekne klimagassutslepp etter M-1941, om konsekvensutgreiing av klima og miljø si rettleiing til reguleringsplanar.

Vurderinga frå fylkesdirektøren


Regional plan for Hardangervidda 2019 – 2035

Planområdet ligg innafor arealsona fjell- og fjordbygder i den regionale planen for Hardangervidda. Retningslinjene §1.4 slår fast at den regionale planen skal leggjast til grunn ved rullering av kommuneplanane (KPA) og at rammer for omfang av bygningar skal fastsetjast i kommuneplanane. Vinje kommune skriv i planomtalen at planforslaget opnar for fleire bygg enn gjeldande KPA opnar for, men at planforslaget er i tråd med den regionale planen.


Etter vurderinga frå fylkesdirektøren er det ei utfordring at gjeldande arealdel frå 2011 blei vedtatt før den første regionale planen for Hardangervidda, medan forslaget til ny arealdel har vore på høyring parallelt med denne reguleringsplanen. Forslaget til arealdel har ikkje avklart omfanget av moglege nye bygningar i fjellbygdene, slik retningslinjene i Hardangerviddaplanen legg til grunn. Den har likevel ført vidare store område til LNF-spreidd. Fylkesdirektøren peika i uttalen til arealdelen (HNIK 21. august 2025) på at arealdelen ikkje inneheldt tal på kor mange allereie frådelt og ubygdde eigedommar som på slikt sett lovleg kan byggast ut.

Fylkesdirektøren peika då på kulturlandskapsområdet rundt Møsvasstangen, og anbefalte kommunen å ta ut alle LNF-områda vist med tillate spreidd bustad, spreidd fritidsbusetnad eller spreidd næring her.

Reguleringsplanforslaget legg til rette for utbygging i arealformåla næring/tenesteyting N/T og utleiehytter UTL, men manglar føresegner om maksimalt tillaten utnytting av byggeområda. Heller ikkje LNF-områda med tillate spreidd busetnad LSN1-2 har føresegner om maksimalt omfang av nybygg. Etter vurderinga frå fylkesdirektøren bør derfor planforslaget omarbeidast slik at konkret utbyggingsvolum blir fastsett i lys av Hardangerviddaplanen.



NIBIO Kilden: Arealtype myr vist med blå skravur



Utsnitt av plankart Tangen datert 23.april 2025, med regulert turveg vist med trase i det grønne.

Klima og myr

Det er areal med myr innafor planområdet, for det meste regulert til naturformål N1 med føresegn 3.3.3 om at areal vert sikra som naturområde og skal haldast urørt. I den regionale planstrategien Telemarksplanen (vedtatt 11. desember 2024) har satsingsområdet naturrike Telemark eit mål om å bevare naturverdiane for å møte klimaendringane. Intakte økosystem skal bevarast.

Planforslaget viser ein regulert turveg utan målsatt breidde, kalla turveg TV på plankartet og turveg GT i føresegnene (turveg med forkortinga TV er korrekt nemning i kart- og planforskrifta). Føresegn 3.2.2 sett krav til at stien skal leggjast skånsamt i terrenget, og skal kloppast i fuktige parti, som der den går gjennom myr. Når turvegen er vist som eige arealformål på plankartet, opnar det for at kommunen kan gi byggjeløyve til den direkte om alle naudsynte terrengtilpassingar skjer innafor arealformålet turveg TV, altså utan dispensasjon frå byggjeforbodet som naturområda rundt har.

Fylkesdirektøren er usikker på om den konkrete plasseringa av turvegen i terrenget er tilstrekkeleg planlagt til å bli satt av i plankartet slik den ligg no, særleg der den går over myra, og der den kryssar fleire høgdemeter. Breidde på arealformålet må i så fall målsetjast på plankartet. Sett i lys av at forholdet til kulturminna heller ikkje er avklart tilstrekkeleg, er fylkesdirektørens faglege råd å ta ut turvegen frå plankartet og heller leggje inn ei føresegn til naturområda om seinare detaljprosjektering av turvegen.

Kulturarv

Automatisk freda kulturminne

Det er registrert 14 lokalitetar med automatisk freda kulturminne i planområdet. Desse vitnar om omfattande produksjon av kull og jern i jernalderen og er ei del av det nasjonalt verdifulle kulturlandskapet på Møsstrond, som dokumenterer langvarig utnytting av ressursar i dei indre fjellområda.

De automatisk freda kulturminna, både tidlegare registrerte og nyregistrerte, er ikkje lagt inn i plankartet og det manglar òg omsynssoner, i tråd med krava i kart – og planforskrifta. Kulturminna må leggjast inn som omsynssone H730_1 i plankartet, i tråd med plan- og bygningslova § 11-8 bokstav d og nasjonale retningslinjer (Rundskriv Q-06/2020). Dette vil synleggjere eksisterande verneforesetje og sikre betre forutsigbarheit for forvaltninga.

I tillegg må kulturminna omgjevast av omsynssoner C (H570), i tråd med plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c, med tilhøyrande føresegner som sikrar ei buffersone for tilstrekkeleg ivaretaking av kulturminna.

Fylkesdirektøren ønskjer vidare dialog med Vinje kommune for å raskt få på plass ein plan som tek tilfredsstillande omsyn til dei automatisk freda kulturminna innanfor planområdet. Det er utarbeid eit alternativ som med litt meir dialog imøtekjem eit motsegn dersom det blir vedteke av kommunen.

Nyare tids kulturminne

Planområdet ligg delvis innafor buffersona til verdsarvområdet *Rjukan Notodden industriarv*, som Møsvatn er ein del av. Møsvatn er oppsluttande verdi til verdsarven. I planen er det ikkje knytt retningslinjer, eller føreseigner til buffersona, der hensikta er å sikre og ivareta verdsarvverdiane. Vi ber difor om at planen tydeleg sett krav til utforming og omfang av tiltak innafor buffersona, og at det blir lagt omsynssoner i tråd med arealdelen som har vært på høyring. Dette gjeld arealdelens omsynssone H570_2 og 3.

Vi er svært positive til at planen legg til rette for formidling av Eydebåten, og at eit båthus kan bli etablert. Men det er viktig at plasseringa ikkje kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi ser òg at det er planlagt skinner frå båthuset, og ut i vatnet, og at desse blir liggjande delvis utanfor planområdet. Tiltak utanfor planområdet kan kome i konflikt med automatisk freda arkeologiske kulturminne.

Samferdsel

Fylkesveg 2416 Varlandsvegen må regulerast slik at heile vegens eigedom vert trafikkareal, og planen bør fastsetje byggjegrænse mot fylkesvegen i arealformål for utbygging (utleiehytter, LNF-spreidd, næring/tenesteyting). Fylkeskommunen kan akseptere 15 meter byggjegrænse frå fylkesvegens senterline. Dersom det ikkje regulerast byggjegrænse må det seinare i kvar byggjesak søkjast om dispensasjon frå veglovas krav om byggjegrænse på 50 meter. Avkøyringar i form av pilar bør også regulerast inn.

Vedlegg:

- 1 Tangen Vinje Saksframlegg med vedtak 26.mars 2025
- 2 Plankart Detaljregulering Tangen revisjon etter 1. gongshandsaming 23.04.25
- 3 Føreseigner Detaljregulering Tangen - 02.04.25
- 4 Planomtale Detaljregulering Tangen 24.02.25

Saksprotokoll

Arkivsak 24/15644
Saksbehandler Hanne Birte Hulløen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hovedutvalg for næring, industri og klima	01.10.2025	80/25

Uttale med motsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Tangen - planID 20220002 - Vinje kommune

Hovedutvalg for næring, industri og klima har behandlet saken i møte 01.10.2025 sak 80/25

Møtebehandling/Votering

Fylkesdirektørens innstilling enstemmig vedtatt

Vedtak

Telemark fylkeskommune fremjar motsegn til planforslaget for reguleringsplan Tangen Møsstrand på følgende punkt:

- Med heimel i *Lov om planlegging og byggesaksbehandling* § 5-4, blir det fremja motsegn til reguleringsplan for Tangen Møsstrand. Planforslaget tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til dei automatisk freda kulturminna i området jamfør kulturminnelova §§ 3, 6 og 8. Dette kjem til uttrykk ved manglande innarbeiding av kulturminna i plankart og føresegner, og fleire av dei planlagde tiltaka er i direkte konflikt med kulturminna. Motsegna kan kommast i møte ved at omsyn til de automatisk freda kulturminna blir vareteke i både plankart og føresegner og at kulturminna omgjevast av omsynssone C med føresegner.